

# Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi

---

## Vedlegg 3 Sentrale omgrep og definisjonar

**Høyringsdokument**

**27.01.2014**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vedlegg til høyringsutkast for regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Planen er prioritert i Regional planstrategi 2012-2016 (T-7/12) og skal medverke til eit meir føreseieleg kulturminnevern i Møre og Romsdal. Planen gir oversyn over sentrale utfordringar for kulturminnevernet i Møre og Romsdal, samt oversyn over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal og set mål for kulturminnevernet

*Alfabetisk liste med forklaring på sentrale ord som ofte blir brukt i kulturminneforvaltninga. Ordforklaringar etter Riksantikvaren si liste.*

### **Arkeologisk kulturminne**

Arkeologisk kulturminne er fysiske spor og leivningar etter tidlegare tiders liv og arbeid, der funne frå utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortida sitt samfunn.

### **Autentisitet**

Autentisitet er eit omgrep som blir brukt om kor ekte og/ eller opprinneleg objektet er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel til ein tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

### **Automatisk freda kulturminne**

Eit automatisk freda kulturminne er eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Kulturminne som er automatisk freda:

- Faste kulturminne frå før 1537
- Samiske faste kulturminne eldre enn 100 år
- Ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649
- Faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946. I tillegg er det vedtak for nokre typar kulturminne (sjå svalbardmiljølova).

(Skipsfunn eldre enn 100 år er verna etter eigne reglar i kulturminnelova)

### **Berekraftig kulturminnevern**

Ei berekraftig utvikling for kulturminne og kulturmiljø har vi når framtida sine generasjonar får same vilkår som vår generasjon til å forstå og oppleve historia.

### **Bergkunst**

Bergkunst er bilete og symbol som er hogde, slipa eller måla på berg. Bergkunst finn vi i Noreg som helleristningar, slipte bergbilete, hole- eller hellemåleri.

### **Bevaringsverdig kulturminne**

Sjå Verneverdig kulturminne

### **Byggeskikk/arkitektur**

Nynorskordboka definerer byggeskikk som: "vanleg byggjemåte i ein kulturkrins". For arkitektur har ordlista to definisjonar:

1. Vitskap, fag som gjeld planlegging og kunstnarleg utforming av byggverk, anlegg, bruksting o.a.
2. Byggjemåte, byggestil.

Arne Lie-Christensen har i si bok “Den norske byggeskikken” eit heilt kapittel om “kva er byggeskikk?” og beskriv ein grenseoppgang mellom byggeskikk og arkitektur. Arkitekturen blir, i motsetnad til den folkelege byggeskikken, skapt gjennom ein abstrakt prosess. Arkitekten bruker si akademiske utdanning og former hus på teiknebrettet tilpassa stiltrender, smak og byggherren sitt spesielle behov. I den folkelege byggeskikken vert dei enkelte bygningane forma gjennom ein konkret prosess på staden. Tømraren blir opplært på byggeplassen. Gjennom bruk av reiskap og byggemateriale blir kunnskap vidareført i byggeprosessen. Hus som allereie er bygde, blir forbilde for nye hus.

Ulikskapen i metodane medfører at den folkelege byggeskikken endrar seg seinare enn arkitekturen. Den folkelege tradisjonen hadde og med seg den konserverande skikken med å bygge til eller på huset i staden for å bygge nytt.

### Dispensasjon

Ein dispensasjon betyr fritak frå i eit enkelt tilfelle å følgje ei lov, eit vedtak eller ei forskrift. Innan kulturminneforvaltninga inneber dette:

- Dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tillate inngrep i eller ved det automatisk freda kulturminnet
- Dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det blir gjort unntak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet
- Dispensasjon frå vern gjennom plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unntak frå planavgjerd/ føresegner om vern

### Fast kulturminne

Nemninga blir brukt om kulturminne som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

### Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø

Nemninga blir brukt om vedtaksfreda bygningar eller anlegg, i statleg eige på fredingstidspunktet, og som er freda ved forskrift. Freding av kulturmiljø skjer alltid ved forskrift.

### Freda kulturmiljø

Eit freda kulturmiljø er eit kulturmiljø som myndighetene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida. Ei freding er den strengaste forma for vern. Freing vil seie at inngrep/ endringar må godkjennast av myndighetene. Lovene som blir brukt ved freding i dag er kulturminnelova og svalbardmiljølova.

### Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltninga er den immaterielle kulturarven knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

### Istandsetjing

Istandsetjing er eit reparasjonsarbeid for å få ei bygning, del av bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre normalt vedlikehald vil vere nødvendig seinare. Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart.

## Konservering

Konservering av eit kulturminne tyder at ein sikrar det så godt som mogleg mot øydeleggingar. Desse øydeleggingane kan vere på grunn av naturleg nedbryting eller menneskelege inngrep. For bygningar brukar ein vanlegvis ordet istandsetjing.

## Kulturarv

Kulturarv blir brukt som samlenamn for materiell og immateriell kultur. Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltninga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreningar.

## Kulturlandskap

Kulturlandskap er alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden på landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

## Kulturmiljø

Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø. Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

## Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er også kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhauger, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skiller mellom lause og faste kulturminne.

## Kulturminne frå nyare tid

Kulturminne frå nyare tid er kulturminne frå tida etter reformasjonen (1537) og fram til i dag. Desse kulturminna har ikkje noko automatisk vern i kulturminnelova med unntak av ståande byggverk og myntar frå før 1650 og skipsfunn og samiske kulturminne eldre enn 100 år.

## Kulturminneverdiar

Verdiar som blir tillagt eit kulturminne. Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurdering kan endrast over tid.

Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

## Kulturvern

Kulturvern er å ta vare på kulturelle verdiar, både materielle (faste og lause ting) og immaterielle (stadnamn, tradisjonar, folkemusikk, hendingar, segn).

## Landskap

Landskap er eit samlenamn på våre omgivnader som ligg utandørs, både naturgitte og menneskeskapte. Landskapet er forma av samspelet mellom mennesket og naturen. Namnet omfattar alle typar landskap, som for eksempel jordbrukslandskapet, industrilandskapet, kystlandskapet, bylandskapet og fjelllandskapet.

## Laust kulturminne

Ordet blir brukt om kulturminne som er flyttbare.

## Listeførte kulturminne

Eit listeført kulturminne er eit kulturminne som etter kulturminnefagleg vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærare definert måte. Både kulturminner som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte. Dei kulturminna som er vekta til regional verdi i denne planen og står på det vi kallar RMR-liste, er å rekne som listeførte kulturminne.

## Lokal verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til lokal verksemd og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også få regional og/eller nasjonal verdi.

## Miljøovervaking

Miljøovervaking er ei systematisk innsamling av data ved hjelp av etterprøvbare metodar, som baserer seg på hypotesar om samanheng mellom årsak og verknad. Overvakinga omfattar påverknad, effektar og miljøtilstand. Målet er å dokumentere miljøtilstanden og utviklinga av denne.

## Motsegn

Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og ei rekkje andre styresmakter kan fremje motsegn. Det vil seie ein protest eller innvending mot forslag til arealplanar etter plan- og bygningslova. Så lenge det finnest ei motsegn, kan kommunen ikkje vedta endeleg plan.

## Nasjonal interesse

Omgrepet blir særleg brukt i verdisettingsprosessar i arbeid med plan- og bygningslova. Det markerer at kulturminneverdiar på nasjonalt nivå kan vere involvert.

## Nasjonal verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til viktige fasar og forhold i landet si historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også få regional og/eller lokal verdi.

## Naturlandskap

Naturlandskap blir brukt om landskap med liten grad av menneskeskapt påverknad. Nemninga blir også brukt når ein ynskjer å rette fokus mot landskapets geologiske og biologiske innhald.

## Omsynssone

Omsynssone er eit omgrep som blir nytta i plan- og bygningslova i samband med vern av mellom anna kulturminne og kulturmiljø. (sjå avsnitt om områder med omsynssoner under overskrifta “kva kulturminne har formelt vern”).

## Regional verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til regional verksemd og historie. Eit kulturminne av regional verdi kan også få nasjonal og/eller lokal verdi.

## Regulering til spesialområde/bevaring

Tidlegare Plan- og bygningslov gav i § 25 punkt 6 heimel til å regulere til spesialområde: “herunder områder med bygninger eller anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevaras”. Spezialområdet er markert på plankartet med skravur. Til området knyter det seg spesielle reguleringsføresegner som gir føringar for istandsetjing, tilbygging og liknande.

## Representativitet

At eit eller eit utval kulturminne er representativt betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet blir brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

## Restaurering

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ei bygning eller ein gjenstand til ein tidlegare tilstand.

## SEFRAK-bygning

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område blei grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Ålesund til 1910 for å få med gjenreisinga etter brannen i 1904 og i Molde og Kristiansund sentrum til 1940 for å få med all førkrigsbebyggelse. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygning.

## Sikring

Sikring vil seie alle tiltak for å verne kulturminne og kulturmiljø mot skade og tap. Sikring kan mellom anna dekkje istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel, dokumentasjon og juridiske tiltak. Sikring kan skje ved arkeologisk utgraving for å ta vare på kunnskapsverdien til kulturminnet.

## Skipsfunn

Nemninga blir brukt om gamle båtar som er meir enn hundre år gamle, skipsskrog, tilbehør, last og alt anna som har vore om bord. Skipsfunn er verna etter eigne reglar i kulturminnelova.

## Skjøtsel

Med skjøtsel meiner vi regelmessig vedlikehaldstiltak, for eksempel pleie av vegetasjon for å ta vare på eit kulturminne og/eller eit kulturmiljø. Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar går også inn i skjøtelsomgrepet.

## **Tiltakshaver**

Ein tiltakshaver er den som har det overordna juridiske ansvaret for gjennomføring av tiltak.

## **Universell utforming**

Innan kulturminneforvaltninga inneber universell utforming at kulturminnet blir gjort tilgjengeleg for flest mogleg. Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller tilrettelagt formidling av kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

## **Vedlikehald**

Vedlikehald tyder rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje ved bruk og klimapåverknad.

## **Vedtaksfreda kulturminne**

Eit vedtaksfreda kulturminne blir freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1536, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty.

## **Vedtektsfreda kulturminne**

Bygningar og anlegg som staten eig kan fredast med vedtekt. Dette har ein enklare fredingsprosess enn for vedtaksfreding som mellom anna krev omfattande høyringsrunder.

## **Verdsarv**

Verdsarven er kulturarv/ og eller naturarv som er innskreven på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvstadane utgjer ein felles arv som er umissande for menneske, på tvers av landegrensene. I Møre og Romsdal har Geirangerfjordområdet verdsarvstatus som del av Vestnorsk fjordlandskap.

## **Verdiskaping**

Verdiskaping i ei vid meining fortel korleis kulturarven kan aktiviserast som ressurs i arbeidet med å skape både økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige verdjar.

## **Verna kulturminne**

Eit verna kulturminne er eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskriv, avtalar, listeføring, tilskotsordningar med meir.

## **Verneverdige kulturminne**

Eit verneverdig eller bevaringsverdige kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturminnefagleg vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdige tyder det same og blir brukt om kvarandre.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som blir freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional og lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova.

Ein annan måte å markere at eit kulturminne er verneverdig på, er listeføring. Eksempel på slike lister er Byantikvaren i Oslo si Gule liste, Riksantikvarens fartyliste og lista over bevaringsverdige norske kyrkjer. I dette planforslaget foreslår vi ei RMR-liste for kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal som har regional verdi (RMR står for regional verdi Møre og Romsdal).

Dei fleste verneverdige eller bevaringsverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.